

REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I LEIKARRINGEN I BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO

I Lagsrommet i Rosenkrantz' gate 8

Tysdag 27. februar 2024 kl. 19:00

På møtet var det 19 personar (3 digitalt). 2 utan røysterett.

Frå sak 1.4: 21 personar

Frå sak 2.1: 24 personar

Frå sak 3: 23 personar

Frå sak 4: 25 personar

Frå sak 7: 26 personar

Skrivar: Elise Birgitte Haugsten Thomassen

SAK 1 – OPNING AV MØTET

1.1 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: Innkalling og saksliste blei godkjent

1.2 Val av møteleiar

Vedtak: Torbjørn B. Lauen vald til møteleiarar

1.3 Val av skrivar

Vedtak: Elise B. H. Thomassen vald til skrivar

1.4 Val av to til å skrive under møteboka

Vedtak: Anne Cathrine Johansen og Ane Margrete Valseth vald til å skrive under møteboka.

1.5 Val av teljekorps

Vedtak: Hallvard Øfstaas og Maissenc Benour-Ferrari vald til teljekorps.

SAK 2 – ÅRSMELDINGAR

2.1 Melding frå Styret i Leikarringen

Desse hadde ordet i saka: Nikolai Storevik

Meldinga vart presentert av styreleiar Torbjørn Bergwitz Lauen.

Kommentarar:

- Nikolai skryt av årsmeldinga*

2.2 Melding om økonomi Leikarringen

Meldinga vart presentert av Simon Hesselberg Løvald.

2.3 Melding frå Bunadsnemnda

Meldinga vart presentert av Anne Cathrine Johansen.

2.4 Andre særskilde meldingar

17. mai meldinga vart presentert av Hallvard Øfstaas

Vedtak: Årsmøte godkjende meldingane slik dei blei lagt fram.

SAK 3 – REKNESKAP OG BALANSE 2022

Desse hadde ordet i saka: Anne Cathrine Johansen, Hallvard Øfstaas, Nikolai Storevik

Rekneskap og balanse vart lagt fram av kasserar Simon Hesselberg Løvald.

Kommentarar:

- Anne Cathrine applauderer at vi etter mange år har fått underskotet vi budsjetterte med
- Nikolai påpek at det manglar tal på 8800 frå 2022.
- Simon informerte om at det skulle stå -104 600 kr der
- Ein person forlet møtet
- Hallvard ber om oppklaring om kvar budsjettet for 17. mai er, i budsjettet
- Anne Cathrine informerte om at laget tar noko av utgifta for Kven Veit
- Simon informerte om at 17. mai kosta nær 40 000 kronar i 2023
- Kommentar om at vi burde godkjenne ikkje vedta budsjett og årsmeldinga

Vedtak: Rekneskapen og balansen for 2023 blei godkjend slik dei blei lagt fram, med atterhald om endringar ifm. revisjon av BUL (hovudlaget) sitt rekneskap.

SAK 4 – ARBEIDSPLAN 2023

Desse hadde ordet i saka: Folke Flateland, Torbjørn B. Lauen, Ragnhild Marie Holen, Anbjørg Myhra Bergwitz, Ane Margrete Valseth, Hallvard Øfstaas, Synnøve Bryde, Anne Cathrine Johansen

Arbeidsplanane for 2023 vart lagt fram av skrivar Elise Birgitte H. Thomassen og Styremedlem Synnøve Bryde.

Kommentarar:

- Folke informerte om at Hans Petter Holen er med som spelemann. Han har spelt for Søndansen i 24 år.
- Torbjørn poengterer at framsyningsringen jobbar med eit program til Framsyningskappleiken på NORDLEK der heile Leikarringen kan vere med.
- Synnøve la fram eit forslag om at innhaldet i framsyningsringen spesifiserast, og har fokus på å bygge eit konkret repertoar slik at vi kan si meir ja til oppdrag
- Ragnhild påpek at vi også må ha turdans og rekkedans
- Synnøve presisera at forslaget er å ha fokus på å lære dansane
- Anbjørg fremmar forslag om at tidlegare leikarringmedlemmar eller andre som vil identifisere seg med leikarringen får delta på kappleik med tilknytning til oss mot at dei betaler kappleiksavgifta si
- Ane føreslår ein oppdragansvarleg for å koordinere oppdrag
- Folke informerte om at barnelaget i BUL er 100 år og at vi bør ha ei markering av dette – kanskje saman med BLS
- Hallvard ønskjer at vi drar på fleire kappleikar og tevlingar som ein del av promotering av ringen
- Folke minn oss om leikfest og årsfest og at vi kan arrangere dette
- Anne Cathrine seier at det kolliderer med mye og det har vært vanskeleg å gjennomføre tidlegare.
- Torbjørn foreslår at vi kan sjå på moglegheita for å arrangere ein større dansefest eller leikfest.
- Anbjørg informerte om at grunnen til at vi ikkje haldt fram med leikfest var at det var dårleg oppslutning
- Anbjørg foreslår at vi skal kople oss på BLS ung, slik at det opplevast som eit samarbeid og ikkje som en konkurrent
- Torbjørn informerte om kva BLS ung er
- Anbjørg påpeikte at ho vil ha ei setning i arbeidsplanen om at vi ønskjer eit samarbeid
- Synnøve kjem med eit forlag om oppfordring til medlemsinitierte turar

Vedtak: Årsmøtet vedtok samrøystes planane for 2024. Styret tek innspela som nemnt over med seg i arbeidet i året som kjem.

SAK 5 – MEDLEMSPENGAR 2025

Desse hadde ordet i saka: Maissenc Benour-Ferrari, Ragnild Marie Holen, Elias Vinje, Nina Losnedahl, Ane Margrete Valseth, Ragnhild Marie Holen, Anne Cathrine Johansen, Synnøve Bryde, Hallvard Øfstaas

Saka blei presentert av styreleiar Torbjørn Bergwitz Lauen.

Kommentarar:

- Maissenc har snakka med nokre få som har kome innom og dei kjem ikkje oftare fordi dei meiner det er for dyrt.
- Ragnhild informerte om at fotskatt på andre dansekurs kan være 250
- Nina foreslår ein fotskatt på student og ein på ikkje student

- Elias seier at problemet mogleg er at det er for billeg
- Anne Cathrine reknar ut at det er 21 kronar pr øving om du er under 26 år og medlem
- Synnøve meiner at viss det skal være studentpris på fotskatt burde det vere 70 kr for studentar på fotskatten
- Maissenc meiner vi burde reklamere meir for medlemskapet
- Hallvard meiner vinklinga burde vere å melde folk inn viss forskatten er dyr
- Ragnhild seier det er viktig å informere om kor "profft" tilbodet er med profesjonelle rettleiarar
- Hallvard me burde informere om alt det ulike tilbodet dei kan velje å vere med på ved å vere medlem
- Hallvard foreslår ein pris, og den burde vere 100 kr
- Ane er einig i at vi kan pushe til 100, men må vere flinkare til å reklamere for medlemskap
- Elias påpeker at dobling av prisen kan skremme mange av dei som betaler fotskatten nå, og at det burde trappast opp over tid.
- Synnøve likar at det er lågterskel for dei som er medlem i andre leikarringar i landet
- Anne Cathrine påpeker at vi ikkje tilbyr bi-medlem frå andre lag, og at ein del vil ikkje betale full kontingent til mororganisasjonane fleire gongar. Vi er for store til at vi har kunne differensiere medlemmar andre stader
- Anbjørg er einig med Elias i at det er dumt å auke masse nå, og heller øke over fleire år, og vere flinke til å informere om medlemskap.
- Torbjørn seier vi stemmer over vedtaket som står men at styret tar med seg innspela til neste år, både med ny auke og ordingar for medlemmar i andre lag.

Vedtak: Årsmøtet vedtok Samrøystes at medlemspengane for 2025 blir uendra på kr. 300,- Dette kjem i tillegg til medlemsavgift til hovudlaget.

Ikkje-medlemmar kan delta på øvingar i Leikarringen mot ein fotskatt på kr. 70,- pr. øving. Fotskatten blir endra frå og med 1. mars 2024.

SAK 6 – BUDSJETT 2023

Desse hadde ordet i saka: Folke Flateland, Torbjørn B. Lauen, Ragnild Marie Holen, Anbjørg Myhra Bergwitz, Anne Cathrine Johansen

Budsjettet vart lagt fram av kasserar Simon Hesselberg Løvald.

Kommentarar:

- Simon foreslår at post 3090 blir auka frå 14 000 til 16 000
- Anne Cathrine påpeikte at rådeveldet er ein buffer, og at ingenting blir ført i rekneskapen på denne posten, men at utgiftene berre blir flytta til den gjeldande rekneskapsposten.
- Ragnhild foreslår å auke reisestøtte 6860 til 20 000
- Anbjørg kjem med spørsmål om dekking av overnatting for andre som ikkje får plass i huset på NORDLEK, og om det er lurt å honorere Søndansen

- Simon støtter forlaget om honorering av Søndansen, fordi vi får inntekt av dette også
- Folke legg til at både han og musikal likar ordninga til nå, og at det er hyggeleg å drive på frivillig basis
- Torbjørn påpeikte at vi kan føre noko meir i staden på leie av lokale
- Synnøve spør om kva utgifter Myretrill har
- Det blei informert om at dei har hatt ein instruktør, ikkje meir.

		2024	2023	2023
	Leikarringen	Budsjett	Rekneskap	Budsjett
3010	Medlemskontingent	45 000	47 250	45 000
3060	Særlagsstøtte	100 000	100 000	100 000
3075	Inntekt oppdrag	30 000	38 000	30 000
3080	Mva.ref.	3 000	3 326	2 000
3090	Diverse tilskot	16 000	27 532	10 000
3100	Billettsal	0	0	2 000
3110	Anna inntekt, øvingar	15 000	19 461	2 500
3201	Pengegåver	0	2 000	0
	SUM DRIFTSINNEKTER	209 000	237 569	191 500
5100	Lønn til ansatte	-15 000	-16 350	-25 000
5315	Honorar sjølvstendige	-140 000	-122 594	-120 000
5400	Arbeidsgiveravgift	-2 000	-4 124	-4 000
	Sum Personalkostnader	-157 000	-143 068	-149 000
6100	Frakt	0	0	0
6300	Leige Lokale	-4 000	-4 000	-600
6550	Driftsmaterialer	-20 000	-6 283	-20 000
6820	Trykksak	-5 000	-4 942	-2 000
6840	Aviser, tidsskrifter, bøker o.l	0	0	0
6860	Møte, kurs, oppdatering	-20 000	-22 439	-10 000
6890	Andre kontorkostnader	-500	0	-500
7110	Ferdapengar	-38 000	-9 249	-30 000
7140	Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	0	-5 086	0
7310	Lysingar, blestarbeid	-2 000	-4 723	-2 000
7342	Møteknader	-2 000	-4 686	-2 000
7430	Gåver	-10 500	-10 129	-7 000
7467	Stønad planbaserte prosjekt	0	0	0
7500	Forsikring lagsdrifta	-3 000	-3 020	-3 000
7712	Andre møteknader/øvingar	-6 000	-10 296	-5 000
7715	Kurs	0	0	0
7730	Rådvelde styret	-40 000	0	-40 000
7790	Andre kostnader	-20 000	-23 287	-20 000
7792	Andre kostnader festar	-5 000	-5 040	-5 000
7793	Andre kostnader eksternt	0	0	0

	SUM DRIFTSKOSTNADER	-333 000	-256 248	-296 100
8050	Renter bank	10 000	12 676	3 600
8150	Bankgebyr	0	0	-500
8150	Andre rentekostnader	0	0	0
8800	RESULTAT	-124 000	-6 003	-104 600
	<i>Resultat inkl. finans</i>	-114 000	6 673	-101 500
	<i>Resultat før Råddvelde</i>	-84 000	-8 003	-64 600

Vedtak: Årsmøtet vedtok samrøystes budsjettet for 2024, med nemnte endringer.

SAK 7 – VAL

Valet vart gjennomført med dette resultatet:

Styret i Leikarringen:

Leiar: Torbjørn Bergwitz Lauen (1 år)

Styremedlem: Elise Birgitte Haugsten Thomassen (ikkje på val)

Styremedlem: Ane Margrete Valsest (2 år)

Styremedlem: Ragnhild Marie Holen (1 år)

Styremedlem: Vebjørn Fauske Jøtun (2 år)

Vebjørn tek til rolla frå 1. august 2024. Fram til då fyller rådsmedlem Hallvard Øfstaas rolla for Vebjørn i styret.

1. vara: Nikolai Storevik (1 år)

2. vara: Ingeborg B. Revheim (1 år)

Bunadnemnda (Valt for eitt år):

Anne-Cathrine Johansen

Sigrid Kjøbli

Åse Holen

Rådet:

Vald inn i Rådet: Rune Hernes Bjerke og Audun Grüner-Hegge

Valnemnda:

Anbjørg Myhra Bergwitz (1 år)

Hallvard Øfstaas (1 år)

Josefine Totland (1 år)

Desse hadde ordet i saka: Folke Flateland, Torbjørn B. Lauen, Ragnild Marie Holen, Anbjørg Myhra Bergwitz, Anne Cathrine Johansen, Synnøve Bryde, Simon Hesselberg Løvald

Valet vart lagt fram av medlem i valnemda Hallvard Øfstaas

Kommentarar:

- Folke påpeker at verv utanom styret ikkje er noko vi har og i så fall må det endrast noko i styreføresegner
- Anbjørg påpek at det er jobben som blir gjort utanom styret, men styret står framleis ansvarleg for økonomien. Dette er også berre ei prøveordning.
- Torbjørn foreslår da at Synnøve kjem med i ei økonominemnd
- Marte foreslår at tittelen kan vere økonomikonsulent
- Synnøve påpeikte at jobben som økonomiansvarleg er stor, og jobben som styremedlem er også stor.
- Folke seiar at om bokføringa er temaet, går det fint å sette bort frå styret, men ansvaret kan ikkje fjernast frå styret.
- Torbjørn foreslår at Synnøve derfor ikkje er på val, men at ho blir henta inn av styret.
- Simon seiar at ein i styret kan ha kontakt med Synnøve, for å holde styret aktivt deltakande i økonomien, men Synnøve fører alt.
- Ragnhild undrar på korleis Synnøve kan ha styr på vedtak frå styret
- Synnøve informera om at ho deltek der det er naudsynt.
- Ragnhild og Synnøve påpeikte at ordninga er ei form for utviding av styret
- Anne Cathrine foreslår at ein av dei i styret får det formelle kasserar-vervet, og er hovudkontakt med Synnøve. Dette frigjer mogleg Synnøve frå å delta på styremøte. Og at vi ikkje vel økonomiansvarleg
- Styret må kome med eit framlegg til endring til neste årsmøte om ordninga fungerer det neste året
- Folke nemnar seg sjølv som mogleg kandidat til rådet

Alle personval blei vald med akklamasjon.

Oslo 9/4-24

Anne Cathrine Thansen

Ine Høgrete Vølseth